



Arkivnr: 2014/240-20
Saksbehandlar: Lise Ådlandsvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		14.04.2015
Fylkesutvalet		22.04.2015

Røykeforbod på fylkeskommunale haldeplassar og terminalar

Samandrag

Den 1. juli 2014 vart det innført eit utvida røykeforbod, jf Tobakksskadeloven § 25. Dette inneber mellom anna at i lokale og transportmidlar der ålmenta har tilgang skal lufta vere røykfri.

I den nye lovteksten i Tobakksskadeloven er det i tillegg vedteke røykeforbod ved alle utandørs inngangsparti til alle offentlege verksemder, og ytterlegare ved inngangsparti til både offentlege og private helseinstitusjonar. Med bakgrunn i fylkeskommunen sitt ansvar for folkehelse og for kollektivtransporten i fylket, så vert det lagt fram sak om innføring av røykeforbod på fylkeskommunale haldeplassar og terminalar.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek å innføre røykeforbod på alle fylkeskommunale haldeplassar og på terminalar.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 20.03.2015

Bakgrunn

Representanten **Atle Kvåle** (Ap) sett i møte i samferdselsutvalet den 20. august 2014 fram følgjande spørsmål:

Vil Skyss innføre tilsvarende forbod mot røyking som Jernbaneverket på buss - og bybanestopp? I tobakkskadelovens paragraf 12 heiter det bl.a følgjande: «I lokaler og transportmidler hvor allmennheten har adgang skal lufta vera røykfri».

Forventar at Skyss har den same offensive holdning her som Jernbaneverket har.

Fylkesrådmannen la fram sitt svar i referatsak (116/2014) i samferdselsutvalet sitt møte den 12. november 2014. Fylkesordføraren har bedt om at det vert lagt fram ei politisk sak om dette.

Bakgrunnen for det nye røykeforbodet

Den 1. juli 2014 vart det innført eit utvida røykeforbod, jf Tobakksskadeloven § 25. I den nye lovteksten heiter det mellom anna at:

I lokaler og transportmidler hvor allmennheten har adgang skal lufta være røykfri. Det samme gjelder i møterom, arbeidslokaler og serveringslokaler. Utendørs inngangspartier til helseinstitusjoner og offentlige virksomheter skal være røykfrie.

Med bakgrunn i den nye fastsetjinga innførte Jernbaneverket røykfrie togstasjonar og plattformer frå 1. september 2014. Dei har sett opp skilt om røyking forbode, oskebegeira er fjerna, og det det vert opplyst om røykeforbodet over høgtalarar og på skjermar der dette let seg gjere. Røykeforbodet på togstasjonane og plattformane gjeld og e-sigarettar.

I den nye lovteksten i Tobakksskadeloven er det i tillegg vedteke røykeforbod ved alle utandørs inngangsparti til alle offentlege verksemder, og ytterlegare ved inngangsparti til både offentlege og private helseinstitusjonar.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Overordna sett er innføringa av eit røykeforbod på utvalde offentlege stader og verksemder eit tiltak for å betre folkehelsa hjå innbyggjarane. I dag er det dei ikkje-smittsame livsstilssjukdommane som dominerer den norske helsetilstanden, og tobakk er eit av fleire faktorar her, jf Regional plan for folkehelse. Vidare slår folkehelseplanen fast at *gjennom å betre helsa til befolkninga, skal vi oppleve fleire leveår med god helse og trivsel. Vi skal skape eit samfunn som fremjar helse for heile befolkninga.* Slik sett er eit røykeforbod ved offentlege verksemder eit ledd i auka trivsel og betre helse for alle.

For den delen av kollektivtransporten som fylkeskommunen har ansvaret for så er dette regulert i Transportvedtektene for Hordaland fylkeskommune. I § 7 vert det slått fast at det er røykeforbod om bord i alle transportmiddel:

§ 7 Røyking og rusmiddel

Røyking og inntak av alkoholhaldige drikkevarer eller andre rusmiddel er forbode på transportmiddel. Brot på denne regelen fører til bortvisning frå transportmiddel.

Lov om vern mot tobakksskader pålegg ikkje det offentlege å innføre røykeforbod på haldeplasser eller utandørs på terminalar, men eigarane av haldeplassar og terminalar kan i kraft av å vere eigar velje å innføre forbod mot røyking. Etter fylkesrådmannen sitt syn så bør Hordaland fylkeskommune leggje seg på same line som Jernbaneverket, og innføre røykeforbod på kollektivterminalar og haldeplassar som fylkeskommunen eig. Reint praktisk vil dette innebere at det vert informert og sett opp skilt om røykeforbodet, og at alle oskebegeir vert fjerna.